

Eldredagen i Tokke 2023 på Tokke

kulturhus måndag 9. okt.

Leiar i Eldrerådet i Tokke, Tahar Haddad, starta opp eldredagen, der frammøtet var veldig bra, 48 påmeldte og eit par gjester. Tahar ynskje songar og musiker Frode Moltemyr velkomen. Han opna samveret med songar frå sitt variera reportoar, fyrst med songen "I Natt jag Drömde" av Cornelis Vreeswijk, ein veldig aktuell tekst i desse urolege dagar.

Så kom kommunedirektør Finn Arne Askje og informera med ord og bilete om prosjekt i Tokke kommune, slik som 10 ny omsorgsbustader som byggjast på Dalen, og som staten støttar med 55% av kostnaden. Vidare nye barnehagen i Høydalsmo, oppgradering av rom på helsesenteret slik at alle bebuarar får eige bad. Ved Oftevatn byggast det åtta nye leilighetar, der kommunen har kaupt fire av dei. Der er også planar om å bygge fleire etter kvart.

Så presentera han eit jubileumsskrift for grunnskulen sitt 250-årsjubileet i 1989 i Tokke, eit skrift utarbeidd av jubileumsnemnda, som omhandlar tida frå 1739 til 1989. Fram til 1959 var det 13 skulekrinsar i gamle Mo kommune, og 11 i gamle Lårdal kommune.

Finn Arne dela så eit kåseri frå eige liv og interesser, med storkretur og kjøttproduksjon på garden som ved gamleheimen i Lårdal, der han bl.a. har oksar som veg 1200 kg. Etter at Finn Arne overtok gamleheimen, fann han husordensreglar og matreglement for gamleheimen, som han dela litt ifrå. Me skjønna fort at tidene har forandra seg. Dei av bebuarane som var så friske at dei kunne arbeide på garden ved gamleheimen, fekk eit måltid ekstra om dagen.

Han dela også litt historie rundt skodespelar, manusforfattar og produksjonsleiar Einar Tveito, som vart fødd i Lårdal i 1890 og døydd i Oslo i 1958. Han debutera i filmen Fante-Anne i 1920.

Tahar Haddad informera om FN's internasjonale dag for eldre. FN's berekraftmål inneheld 17 ulike mål som FN ynskjer å oppnå innan 2030. Mål nr 3 er å sikre god helse og fremje livskvalitet for alle, uansett alder. Den internasjonale dagen for eldre er viktig for FN, då det stadig blir fleire eldre i Verden. Innan 2050 vil ein av seks personar vere over 65 år. 2021-2030 har FN sett opp som tiår for sunn alderdom.

Kommunedirektør Finn Arne Askje foretok den offisielle opninga av eldredagen, og understreka kor stor pris han sette på at Dalen pensjonistlag, og Mo og Byrte pensjonistlag arrangerar denne dagen kvart år.

Askje fortsette med kåseriet frå eige liv, med å fortelje og vise bilete frå spanande og innholdsrike jakturar rundt om i verda, der bl.a. seremoniar var viktige i jaktmiljøa i einskilde land. Han omtala vitjingar hjå bønder rundt om i Europa, og om kor ulik drifta var i høve til norske gardar.

Me fekk høyre meir song og musikk i ulike sjangarar av Frode Moltemyr, som «Ring of fire» av Johnny Cash, «Gje meg handa di ven» av Sondre Bratland, folketonen «Eg veit ei lita jente» m.fl.

Det vart servera lapskaus med brau og loff, levera av kjøkenet ved museet i Eidsborg, og kaker og kaffe etterpå. Praten gjekk livleg ved borda, og trivselsfaktoren var verkeleg høg.

Eit av høgdepunkta på eldredagen, er spenninga rundt årets pensjonist. Eldrerådet hadde til sitt møte 02.10.23 mottatt forslag frå Dalen pensjonistlag og Mo og Byrte Pensjonistlag. Båe forslaga var på

Mette Stange. Pensjonistlaga la bl.a. vekt på at Mette er ein person som alltid tek del i arbeidet for ulike arrangement, er en aktiv person og bidreg mykje til felleskapet, og er ikkje redd for å ta fysisk del i arbeidet. Ut ifrå ei streng vurdering så gjekk rådet samrøystes inn for forslaga på **Mette Stange**.

Kommunedirektøren overrekte eit stort diplom til Mette, utforma av Bjørn Fauske med teikning av Ruiplassen, og innramma ved Karens Galleri. Det vanka også ein veldig fin og fargerik blomebukett, til stor applaus frå salen.

Me fekk ei tredje avdeling med song av Moltemyr, med kjende slagarar som «I love you because» av Jim Reeves, med trekkspel, så «Liten fuggel» av Vamp, og den kjende «Å store Gud» m.fl.

Seinste bolk er det tradisjonelle loddsalet ved hjelp av gode gammeldagse årer. Som i fjor vart det også i år seld ut alt av tilgjengelege årer, så det mangla ikkje på engasjement. Trekninga av dei mange og variera gevinstante var ei fin avslutning på dagen, og det var framleis god stemning etter fire timar i veldig godt fellesskap.

Ref. H S Kroken